

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA-K46	19/326

Saknr	Utval	Type	Dato
019/2019	Teknisk utval	PS	17.09.2019

Klage på vedtak om tildeling av fellingsløyve i vald 57 Brekkene/Lindebotten

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Søknad om utvida løyve for vald 57 Brekkena-Lindebotn	05.09.2019
Forslag til tildeling av løyver for 2019 i Masfjorden kommune - sak 010/19 i teknisk utval den 21. mai 2019	10.09.2019
wfdocument	10.09.2019
Klage på svar/avslag om utviding av løyve	05.06.2019
Tabell hjorteløyver 2019 i Masfjorden kommune - vedlegg til sak i teknisk utval mai 2019	10.09.2019
Tildeling2019	10.09.2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Klagen vert ikkje teke til følgje. Det vert vist til saksutgreiinga nedunder.

Klagen vert i medhald av hjorteviltforskrifta sendt til endeleg slutthandsaming hjå Fylkesmannen i Vestland.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Det vert vist til brev frå Johanna og Håkon Herstad den 03.06.2019, sjå vedlegg, som klagar på vedtak gjort i teknisk utval den 21.05.2019, i sak 010/19. I denne saka vart det gjort følgjande vedtak knytt til fellingsløyver i Masfjorden kommune:

- Rådmann viser til saksutgreiinga og framlegg til hjorteløyver slik det er vist i tabell nedunder. Heimel for vedtaket er hjorteviltforskrifta § 18.

Kommunen vil oppmoda alle vald til å gjennomføre jakt i tråd med tildelte løyver, og den nye 3-årige forvaltningsplanen 2019-2021.

Vald som ikkje leverte « sett hjort»skjema, vil verta reduserte med 1 løyve i tildeling for 2019 i tråd med TU - 003/2018 VEDTAK. Gjeld ikkje for medlemmer i BPO. Medfører endring på 8 vald, sjå tab

3.

Ved ein feil vart saka ført opp til eit møte formannskapet, denne er og vedlagt saka.

I klagen på tildeling av tal fellingsløyver vert storleiken på valdet lagt fram som eit argument for å få tildelt fleire dyr. I vedtaket til teknisk utval fekk valdet tildelt to dyr (kole og kalv), og i klagen ønskjer dei 1-2 dyr ekstra. Hovudargumentet dei nyttar er at deira vald er godkjent med 1230 dekar, og at det er vald som får fleire dyr per dekar enn det dei gjer. Dei meienr difor at ca 600 dekar per dyr i deira vald ikkje er rettmessig, sidan enkelte andre vald er heilt nede i 268 dekar pr dyr. Dette meienr dei er ein forskjellshandsaming som er dårlege grunngeve i saka.

Vurdering

Valdet har dei siste 10 år skote 13 dyr av 20 tildelte, sjå saksvedlegg. Kommunen har orientert om at slike småvald som her med berre 2 løyver er det vanskeleg å driva ei god forvaltning på. Avskytingsplan gjev lita meining også. Bruket har ikkje hatt drift der ein søker produksjonstilskot i heile denne perioden. Fleire løyver eller skadedyr når ein heller ikkje dokumenterer noko, finn me lite aktuelt. Hjort på innmark er normalt og litt tolt skade er ikkje uvanleg og det må mange pårekna. Administrasjonen vil vise til at teknisk utval har tildelt løyver basert på mange faktorar knytt til kunnskap om bestanden, avskytingstal med vidare. Ein kan ikkje sjå at klagen inneheld nye moment som gjev grunnlag for å endre på vedtaket gjort i teknisk utval.

Konklusjon

Klagne vert ikkje teke til følgje.

Teknisk utval - 019/2019

TU - behandling:

Saka vart drøfta.

Ørjan Daae (Frp) kom med følgjande framlegg til vedtak:

Klagen vert teke til følgje. Det vert tildelt eitt ungdyr i tillegg til tidlegare tildelte fellingsløyver.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart vedteke med 2 røyster mot 1 røyst (Ørjan Daae, Frp)

TU - vedtak:

Klagen vert ikkje teke til følgje. Det vert vist til saksutgreiinga nedunder.

Klagen vert i medhald av hjorteviltforskrifta sendt til endeleg slutthandsaming hjå Fylkesmannen i Vestland.

